

SYKKYLVEN KOMMUNE

TEKNISKE TENESTER

Forskrifter og gebyrsatsar 2011

AVGIFTER OG GEBYR 2011

FEIING 2..

FORSKRIFT OM GEBYR FOR SAKSHANDSAMING
OG KONTROLL AV MINDRE AVLØPSANLEGG 3..

GEBYR FOR HANDSAMING AV PRIVATE PLANAR 7..

GEBYR ETTER DELINGSLOVA 10..

TINGLYSINGSGEBYR 13..

FORSKRIFTER OM GEBYR FOR BEHANDLING AV
KONSESJONSSAKER M.M. 14..

FEIEGEBYR

Med heimel i Brannlova § 28, har Sykkylven Kommunestyre i K-sak 102/10 fastsett satsar for feiing og tilsyn med fyringsanlegg, gjeldande frå 01.01.2011.

For 2011 er satsane:

Bustad	kr. 230,00 eks. mva
Industripipe	kr. 435,00 eks. mva

Satsane er for kvart hus.

Der satsane over ikkje høver, blir det å krevje for medgått tid. Som grunnlag for utrekning skal nyttast ein timepris på kr. 435,00 eks. mva.

Feiegebyr forfell til betaling samstundes med 2. termin for kommunale eigedomsgebyr.

Eigar av husværet blir fritatt for feiegebyr dersom ein ikkje har tilkopla eldstad til pipe.

BETALINGSSATSAR FOR SAKSHANDSAMING/BYGGEKONTROLL

I kommunestyresak 102/10 er det vedteke endringar i gebyrreg. som gjeld for 2011.

Sjå eige hefte for sakshandsaming som omhandlar dette m.m.:

- nybygg / tilbygg / påbygg og hytter, samt fritidshus
- enklare byggesaker
- dispensasjonar, klage- og ankesaker
- gebyr for utsetjing av bygg (husplassering)
- søknader om lokal ansvarsrett

1 – SEKSJONERING/RESEKSJONERING

For seksjonering/reseksjonering skal det krevjast eit gebyr på tre gonger rettsgebyret eller fem gonger rettsgebyret (p.t. kr 860,-) der det må gjerast synfaring. (Lovheimel, eigarseksjoneringslova § 7).

2 – GRAVING I KOMMUNALE VEGAR

Søknader vert heretter belasta med eit sakshandsamingsgebyr på kr 1.080,- .

3 - MEIRVERDIAVGIFT

Meirverdiavgift skal ikkje reknast ved innkrevjing av sakshandsamings-/byggekntrollgebyr. Jf. Skattedirektøren sitt rundskriv av 6. mars 1970.

FORSKRIFT OM GEBYR FOR SAKSHANDSAMING OG KONTROLL AV MINDRE AVLØPSANLEGG I SYKKYLVEN KOMMUNE

Vedteke av Sykkylven kommunestyre 05.03.2001 i sak K 82/01 med heimel i § 9 i forskrift om utslepp frå mindre avløpsanlegg av 12. april 2000 og kunngjort 23.3.2001. Rev. i kommunestyret 13.12.2010, K-sak 102/10.

§ 1 VIRKEOMRÅDE

Forskrifta gjeld sakshandsaming og kontroll av utslepp av avløpsvatn frå bustad-, fritids- og anna bebyggelse med innlagt vatn når utsleppet skal tilknytast mindre avløpsanlegg, dvs. anlegg for inntil 1.000 personeiningar (PE).

Forskrifta skal sikre at kommunen kan få dekkja sine kostnader for sakshandsaming og kontroll av mindre avløpsanlegg.

§ 2 DEFINISJONAR

- *Gebyrpliktig:*
 - Gebyrpliktig for sakshandsamingsgebyr er den eller dei som søker om utsleppsløyve, omgjering av utsleppsløyve eller leverer melding etter lokal forskrift.
 - Gebyrpliktig for kontrollgebyr er eigar av mindre avløpsanlegg.
- *Avløpsanlegg:*
Anlegg for mottak av avløpsvatn frå bustad-, fritids- og anna bebyggelse med innlagt vatn.
- *Mindre avløpsanlegg:*
Anlegg berekna for mottak av avløpsvatn som ikkje overstig avløp tilsvarande 1.000 personeiningar (PE).
- *Avløpsvatn:*
Avløp frå vassklosett, kjøkken, bad, vaskerom eller liknande.
- *Personeining (PE):*
Med PE vert det meint den mengde organisk stoff som vert nedbrote biologisk med et biokjemisk oksygenforbruk over fem døgn (BOF₅) på 60 gram oksygen pr. døgn.

§ 3 SAKSHANDSAMINGSGEBYR

Det skal betalast eit eingongsgebyr for sakshandsaming ved:

- søknad om utsleppsløyve.
- endring/omgjering av utsleppsløyve.
- melding etter lokal forskrift.

Gebyra gjeld både ved oppføring av ny bebyggelse og for eksisterande bygg der det vert kravd søknad om utsleppsløyve.

Naudsynt dokumentasjonsgrunnlag til søknaden skal framskaffast og kostast av søkeren. Blir søknaden avslått skal det betalast halvt sakshandsamingsgebyr.

Storleiken på sakshandsamingsgebyra skal fastsettast årleg av kommunestyret og gå fram av *gebyrregulativet*.

§ 4 KONTROLLGEBYR (ÅRSGEBYR)

Kontrollgebyret skal betalast årleg for alle avløpsanlegg som vert omfatta av forskrift om utslepp frå mindre avløpsanlegg.

Samla kontrollgebyrinntekter skal ikkje overstige kommunen sine kostnader til kontroll og tilsyn av anlegga og overvaking av vasskvaliteten i resipientar (vassdrag som tek i mot utslepp).

Årsgebyra skal reknast frå same tidspunkt som søknad om utsleppsløyve eller melding etter lokal forskrift er godkjent. Det kan søkjast om utsetting av betalingsstart ved vesentlig forsinka igangkøyring av anlegget.

Det kan søkjast om fritak for anlegg som mellombels ikkje er i drift. Storleiken på kontrollgebyra skal fastsetjast årleg av kommunestyret og gå fram av *gebyrregulativet*.

§ 5 INNBETALING AV GEBYR

Gebyrpliktig står ansvarleg for betaling av gebyra.

Kommunen sender faktura for sakshandsamingsgebyr når søknad om utsleppsløyve eller melding etter lokal forskrift er motteke, med forfall etter 30 dagar. Årsgebyr for kontroll vert fakturert saman med kommunen sine øvrige årsgebyr.

§ 6 INNKREVIING AV GEBYR

Gebyret er tvangsgrunnlag for utlegg med heimel i forureiningslova § 52a, jf. tvangslova kapittel 7.

Kommunen kan ved serlege høve fråfalle krav om gebyr.

§ 7 VEDTAKSMYND

Vedtaket etter denne forskrift vert fatta av kommunestyret eller den som er tildelt mynde i medhald av delegasjonsvedtak.

§ 8 KLAGE

Når det vert fatta einskildvedtak etter § 4 og 6 i denne forskrifta skal partane informerast om høve til å klage som er bestemt i forvaltningslova. Klaga skal sendast til den instans som har fatta vedtaket.

Vedtak om gebyrstorleik, som framkjem av gebyrregulativet, vert rekna som forskrift, jf. forvaltningslova § 2 første ledd c). Dette er ikkje eit einskildvedtak og kan derfor ikkje påklagast.

§ 9 IVERKSETJING

Forskrifta tek til å gjelde frå kunngjeringsdato.

Gebyrregulativ; sakshandsaming og kontroll av mindre avløpsanlegg

Vedteke i Sykkylven kommunestyre 13.12.2010 i sak K 102/10 med iverksetting frå kunngjeringsdato.

Ramme for gebyrutrekning

- Samla gebyrinntekter skal ikkje overstige kommunen sine naudsynte kostnader for sakshandsaming og kontroll av mindre avløpsanlegg, men kan avreknast over ein 4- års periode.
- Gebyrutrekninga er basert på forskrift om utslipp frå mindre avløpsanlegg av 12. april 2000 og kommunal forskrift om gebyr for sakshandsaming og kontroll av mindre avløpsanlegg.
- Alle prisar skal tilleggast mva.

1. Sakshandsamingsgebyr

Sakshandsamingsgebyr skal betalast i form av eit eingongsgebyr ved handsaming av søknad om utsleppsløyve, endring/omgjering av utsleppsløyve eller ved melding etter lokal forskrift.

For kvart avløpsanlegg:

Aktivitet	Anlegg som ikkje overstig 15 PE ¹⁾	Anlegg over 15 PE ¹⁾
Søknad om utsleppsløyve	Kr 1.525,-	Kr 7.615,-
Mindre endring av utsleppsløyve	Kr 765,-	Kr 1.215,-
Melding etter lokal forskrift		

¹⁾ Med PE vert det meint personeining, dvs. den mengde organisk stoff som vert nedbrote biologisk med eit biokjemisk oksygenforbruk over fem døgn (BOF₅) på 60 gram oksygen pr. døgn.

Større endring/omgjering av utsleppsløyve følgjer same satsar som for søknad om utsleppsløyve.

2. Kontrollgebyr (årsgebyr)

Betaling av kontrollgebyr gjeld for alle avløpsanlegg som vert omfatta av forskrift om utslepp frå mindre avløpsanlegg.

Inntil vidare vert det ikkje kravd årleg gebyr for kontroll av mindre avløpsanlegg.

For kvart avløpsanlegg:

Fritidsbustad	0 kr/år
Anlegg som ikkje overstig 15 PE	0 kr/år
Anlegg for 16-100 PE	0 kr/år
Anlegg for 101-500 PE	0 kr/år
Anlegg for 501-1000 PE	0 kr/år

BETALINGSREGULATIV FOR HANDSAMING AV:

- privat planarbeid
- planendring
- grave- og anleggsarbeid på komm. vegar

Vedteke i Sykkylven kommunestyre 13.12.2010 gjeldande frå 01.01.2011.

Heimel:

- Bruk av gebyr er heimla i plan- og bygningslova av 27. juni 2008, nr. 71, § 33-1.

Vedtak:

- Sykkylven kommunestyre fatta vedtak om ein auke på 4 % handsamingsgebyr i møte 13.12.10 K-sak 102/10.

Sakshandsaming/kontroll:

- Privat forslag til detaljregulering og reguleringsendringar.

Når det gjeld søknader om **dispensasjon**, viser ein til eige hefte om gebyrsatsar som m.a. omhandlar dette.

Kommunen dekkjer i denne samanheng:

- gjennomgang av planar med tilhøyrande dokument
- står for sakshandsaming for folkevalde organ
- kostnader med offentleg ettersyn/eigengodkjenning
- kostnader med ekspedering av planar etter eigengodkjenning

Den som fremjar eit privat planforslag, må sjølv dekke kostnader med kunngjering av igangsetting av planarbeid etter plan- og bygningslova § 12-11, jf. § 12-8 og § 12-14.

Tiltakshavar må elles dekke spesielle kostnader knytt til t.d. førehandsgraving ved uttale frå arkeologiske instansar eller ved uttale frå spesielt sakkunnige (geolog) etter plan- og bygningslova §25-2.

Gebyrregulativet gjeld for planar/søknader mottekne/registrerte i Sykkylven kommune etter 01.01.1998, med vedtekne endringar gjeldande frå 01.01.2011.

1. HANDSAMINGSGEBYR

Handsamingsgebyr, **kr 3.660,-**, skal betalast i følgjande tilfelle:

1.1. Private forslag til detaljregulering:

Det skal betalast eit handsamingsgebyr, uavhengig av storleik på regulert areal, når saka vert tatt opp til administrativ handsaming.

1.2. Søknad om endring av gjeldande reguleringsplanar.

2. AREALGEBYR PRIVATE PLANAR

I tillegg til handsamingsgebyret skal det betalast eit gebyr avhengig av plantype og storleik på regulert areal.

Arealgebyret skal betalast etter første gongs handsaming i plan- og miljøutvalet før vidare administrativ handsaming. Dersom plan- og miljøutvalet avviser planen, skal det ikkje betalast arealgebyr med mindre forslagsstiller krev planen lagt fram for kommunestyret.

2.1. Arealgebyrets storleik:

a)	Inntil 2000 m ²	kr. 2.435,-
b)	For kvar påbegynt 1000 m ² frå 2001- 5000 m ² = 75% av a)	" 1.830,-
c)	For kvar påbegynt 1000 m ² frå 5001 m ² = 25% av a)	" 615,-

Maksimalt gebyr vert sett til **kr. 24.335,-**.

Reduksjon i arealgebyret på 50 % for planar/planendringar fremja og levert i digital form, etter SOSI-standard og i SOSI-format.

2.2. Områderegulering

Områderegulering kan ikkje startast opp etter initiativ frå private. Heimelen for å ta gebyr (jf. § 33-1) gjeld ikkje for områdeplanar. Der det er formålstenleg kan kommunen inngå avtalar når private utfører planarbeidet. Det kan også avtalast særskilt at private skal ta på seg heile, eller delar av kostnaden, med utarbeiding av planen.

2.3. Forslag til detaljregulering

For detaljplanar utarbeidd i samsvar med gjeldande overordna plan er arealgebyret 50% av satsane i pkt. 2.1.

3. ENDRINGAR

3.1. Arealgebyr reguleringsendringar

Ved søknad/forslag om endra arealbruk skal betalast i tillegg til handsamingsgebyr eit arealgebyr på 50% av satsane i pkt. 2.1. Arealgebyret skal betalast etter første gongs handsaming. Dersom nærings- og utviklingsutvalet avviser søknaden/ forslaget, skal det ikkje betalast arealgebyr med mindre forslagsstiller krev saka lagt fram for kommunestyret.

3.2. Endring av reguleringsføresegner

Dersom søknaden/forslaget gjeld endring av reguleringsføresegner, skal det i tillegg til handsamingsgebyret betalast eit gebyr på **kr. 1.300,-** .

4. JUSTERING AV GEBYRSATSAR

Gebyrregulativet kan justerast av kommunestyret, normalt i samband med budsjetthandsaming.

5. FOR ENKELTE SPESIELLE SAKER KAN NÆRINGS- OG UTVIKLINGSUTVALET AVVIKE FRÅ DESSE SATSANE

REGULATIV FOR GEBYR ETTER DELINGSLOVA

Auke etter Statens kartverk sin prisindeks med 1,5% frå 01.01.11, vedtatt i Sykkylven kommunestyre 13.12.10.

1.	GEBYR FOR KART- OG DELINGSFORRETNING OVER AREAL OVERFØRT VED GRENSEJUSTERING (TILLEGGSAREAL)		
	Areal i m ²	Gebyr frå år 2011	Gebyr frå år 2011
	0 - 75	2.710,-	2.750,-
	76 - 150	2.915,-	2.960,-
	151 - 300	3.735,-	3.790,-
	301 - 450	4.575,-	4.645,-
	451 - 600	5.395,-	5.475,-
	601 - 750	6.255,-	6.350,-
	751 - 900	7.045,-	7.150,-
	901 - 1050	8.385,-	8.385,-
	1051 - 1200	8.835,-	8.965,-
	1201 - 1350	9.555,-	9.700,-
	1351 - 1500	10.380,-	10.535,-
	1500		

2.	GEBYR FOR KARTFORRETNING OG KOMBINERT KART- OG DELINGSFORRETNING		
	Areal i m ²	Gebyr frå år 2010	Gebyr frå år 2011
	0 - 200	5.185,-	5.263,-⁵
	201 - 1500	10.380,-	10.535,-
	1501 - 2000	11.195,-	11.363,-⁵
	2001 - 2500	12.460,-	12.645,-
	2501 - 3000	13.520,-	13.725,-
	3001 - 3500	14.545,-	14.765,-
	3501 - 4000	15.575,-	15.810,-
	4001 - 4500	16.625,-	16.875,-
	4501 - 5000	16.760,-	17.010,-
For areal over 5000 m ² aukar gebyret med kr 810,-/820,- per påbegynt dekar			

3.	GEBYR FOR KARTFORRETNING OVER GRENSE	
3a	BEREKNINGSGRUNNLAG, sidelengd	
Grenselengd i meter	Gebyr 2010	Gebyr 2011
0 – 50	2.060,-	2.090,-
51 – 75	3.570,-	3.625,-
Gebyret aukar vidare med kr 1.490,- / 1.510,- per påbegynt 25 meter		
3b	BEREKNINGSGRUNNLAG, tal grensepunkt	
Inntil 2	2.060,-	2.090,-
Inntil 3	3.570,-	3.625,-
Vidare aukar gebyret med kr 1.490,- / 1.510,- per grensepunkt. Det rimelegaste alternativet skal nyttast		

4.	GEBYR FOR GRENSEPÅVISING	
Dette blir brukt der det er tilfredsstillande målebrev. Dersom nabo må innkallast, skal det betalast gebyr etter pkt. 2 eller 3.		
Inntil 2 punkt	2.060,-	2.090,-
Inntil 3 punkt	2.870,-	2.915,-
Gebyret aukar vidare med kr 1.490,- / 1.510,- per pkt.		

5. GEBYR FOR KARTFORRETNING OVER PUNKTFESTE

For kartforretning over punktfeste betaler ein 50 % av minstebeløpet etter tabell 2 dersom merking og/eller oppmåling i marka er naudsynt.

Er det ikkje naudsynt med merking og/eller måling i marka, reknar ein gebyr som for registreringsbrev etter pkt. 10.

6. GEBYR FOR AVBROTE FORRETNING

Ved tilbakekalling (etter at forretninga er beramma) av avbrote eller annullert forretning, skal det betalast kr 1.435,- / **1.455,-** + ein del av totalgebyret, som blir fastsett etter skjønn av oppmålingsmynde, på grunnlag av medgått tid.

Ved tilbakekalling før forretninga er beramma, skal det betalast kr 305,- / **310,-**.

7. GEBYR FOR PÅTEIKNING / AJOURFØRING AV MÅLEBREV

Jfr. delingslova § 2-3, forskrift kap. 11 og 20. For påteikning ved grenseregulering/- justering og ajourføring av målebrev skal det betalast kr 1.490,- / **1.510,-**.

8. GEBYR FOR AJOURFØRT GJENPART AV MÅLEBREV

Med ajourført gjenpart meiner ein her eit nytt dokument der alle grensene er kontrollert, både på den aktuelle eigedomen og naboeigedommen. Alle aktuelle frådellingar og grensereguleringar er tatt med.

For slik ajourført gjenpart skal det betalast 10 % av gebyret for kartforretning, min. kr 1.490,- / **1.510,-**.

9. GEBYR FOR MELLOMBELS FORRETNING, FORSKRIFT KAP. 2

For mellombels forretning skal det betalast eit gebyr på kr 2.060,- / **2.090,-**.

Dersom mellombels forretning må haldast av årsaker som oppmålingsmynde er skuld i, skal det ikkje betalast gebyr.

10. GEBYR FOR REGISTRERINGSBREV, FORSKRIFT KAP. 2

For utarbeiding av registreringsbrev skal det betalast kr 2.060,- / **2.090,-**.

Dersom ei einskild sak berører fleire registernummer, kjem det eit tillegg på kr 595,- / 605,- for kvart ekstra registernummer.

11. GEBYR FOR KART- OG DELINGSFORRETNING DER DELAR AV ARBEIDET ER UTFØRT AV ANDRE, forskriftene kap. 3.3

For forretningar der delar av arbeidet vert utført av andre, t.d. NVE, NSB, SVV blir kommunen sitt gebyr fastsett etter kor stor del av arbeidet kommunen utfører etter følgjande prosentskala:

Klargjering og registrering	30 %
Innkalling og utføring av forretning	20 %
Merking, inkl. materiell	10 %
Måling, berekning og utføring	40 %

12. GEBYR FOR KARTFORRETNING OG KART OG DELINGSFORRETNING OVER STØRRE SAMANHENGANDE AREAL

For slike forretningar over større samanhengande parsellar / eigedomar til landbruksallmenn, fritids- og andre allmenn-nyttige formål skal det betalast etter medgått tid, avgrensa til maksimum halvt gebyr etter pkt. 2 og 3.

13. GEBYR ETTER MEDGÅTT TID

Gebyr for oppmålingsteknisk arbeid som ikkje kan reknast ut etter dei satsar som er nemnd ovanfor, blir utrekna etter medgått timeverk. Timesatsen skal utreknast etter 1/2 0/00 av bto. Minstegebyr kr 2.060,- / **2.090,-**.

14. EKSPEDISJONSGEBYR

Når rekvirenten samstundes er bestyrar og gjer det tekniske arbeidet, jf. 3.3 i forskriftene, eller gjer forarbeid (kartarbeid /dokumentasjon) for registreringsbrev, fell vanleg gebyr vekk. Det skal då betalast eit ekspedisjonsgebyr på kr 1.380,- / **1.400,-** + kr 305,- / **310,-** for kvart ekstra registeringsnummer. Dersom anna er avtalt, jfr. forskriftene 17.2.

15. URIMELEGE GEBYR

Dersom gebyret etter dette gebyrregulativet ser ut til å bli svært høgt, kan oppmålingsmynde fastsette eit høveleg gebyr. I spesielle høve kan formannskapet etter søknad redusere gebyret.

16. INDEKSREGULERING

Gebyra vert justert etter Statens kartverk sin indeks for kart- og oppmålingsarbeid for 4. kvartal 2010.

17. BETALINGSBESTEMMELSER

Gebyr skal betalast til kommunekassa etter rekning frå oppmålingsmynde. Betaling skjer etter det regulativ og dei satsar som gjeld på rekvisisjonstidspunktet. Dette gjeld og tinglysings-gebyr. Betaling kan bli kravd før forretning blir fastsett, eller anna arbeid blir sett i gang. Gebyrsatsane inkl. hjelpemannskap, bilgodtgjersle, administrasjonsutgifter, merkemateriell og arbeid med merking av grense.

**Tinglysingsutgifter som er statleg kjem i tillegg,
per 01.01.10 kr 1.548,-.**

Meirverdiavgift blir ikkje rekna ved innkrevjing av gebyr, jfr. skattedirektøren sitt rundskriv av 6. mars 1970 til skatteinspektørane.

FORSKRIFT OM GEBYR FOR BEHANDLING AV KONSESJONSSAKER M.M

Fastsatt av Landbruksdepartementet 29. desember 1993 med hjemmel i lov av 10. februar 1967 om behandlingsmåten i forvaltningssaker (forvaltningsloven) § 27a jf. kgl.res. av 23. desember 1988 nr. 1073. Endret 6. juni 1995 nr. 549, 19. juni 1997 nr. 884, 8 des 2003 nr. 1435.

§ 1.

Det skal betales gebyr for behandlingen av følgende saker:

a) Søknader om konsesjon (ervertillatelse) etter:
1. lov av 3. juli 1914 nr. 5 om erverv av kalkstensforekomster,
2. lov av 17. juni 1949 nr. 3 om erverv av kvartsforekomster,
3. lov av 28. november 2003 nr. 98 om konsesjon ved erverv av fast eiendom (konsesjonsloven).
b) Søknader om delingssamtykke etter lov om jord av 12. mai 1995 nr. 23 § 12.
Endret ved forskrifter 6 juni 1995 nr. 549 (i kraft 1 juli 1995), 8 des 2003 nr. 1435 (i kraft 1 jan 2004).

§ 2.

For behandling av søknader som nevnt i § 1 skal det betales 3 promille av den første millionen gebyrpliktig kjøpe- eller leiesum, og 2 promille av det overskytende beløp. Gebyret skal ikke være lavere enn kr. 750 (grunngbyret), og ikke over tjue ganger grunngbyret.

For utbyggingskontrakter skal det betales ti ganger grunngbyret.

Gebyret avrundes nedad til nærmeste hele femkrone.

For behandling av søknader som nevnt i § 1 b betales grunngbyret.

Gebyret innkreves av det organ som behandler søknaden i første instans.

Endret ved forskrift 19 juni 1997 nr. 884.

§ 3.

For søknader om tillatelse til erverv av eiendomsrett til fast eiendom beregnes gebyret av kjøpesummen - eventuelt tillagt verdien av andre ytelser - for grunn med bygninger og fast tilbehør.

§ 4.

For søknader om tillatelse til erverv av bruksrett over fast eiendom beregnes gebyret av den samlede leiesum for det tidsrom leieretten er stiftet for, med tillegg av det antall år kontrakten kan komme til å løpe såfremt leieforholdet:

a. fortsetter automatisk hvis ikke oppsigelse finner sted, eller
b. dersom leietakeren kan kreve leieforholdet forlenget.

Dersom vederlaget (leieavgiften) etter kontrakten ikke skal betales en gang for alle, skal beregningsgrunnlaget begrenses til 25 ganger høyeste leie for ett år.

§ 5.

Omfatter den oppgitte kjøpe- eller leiesum løsøre skal det ved gebyrberegningen gjøres fradrag for dette.

§ 6.

For søknader om tillatelse til erverv av aksjer m.v. beregnes gebyret på grunnlag av den kjøpesum som er avtalt for vedkommende aksjepost.

§ 7.

Det skal betales ett behandlingsgebyr selv om søknaden gjelder fradeling av flere tomter eller parseller fra samme eiendom. Det samme gjelder ved såkalte stripeerverv til vegformål o.l. fra flere eiendommer.

§ 8.

Finner det organ som behandler konsesjonssaken i første instans at det er et åpenbart misforhold mellom den oppgitte kjøpe- eller leiesum og verdien av eiendommen, rettigheten eller aksjeposten, regnes gebyret av den verdi organet fastsetter etter gangbar pris.

Det organ som behandler saken i første instans kan når særlige grunner foreligger helt eller delvis fritas for gebyr.

For klage over avgjørelse truffet etter 1. og 2. ledd, gjelder forvaltningslovens § 28 annet ledd 1. og 2. punktum.

§ 9.

Disse forskriftene trer i kraft 1. januar 1994. Samtidig oppheves forskrift av 23. desember 1988 nr.1073 om gebyr for behandling av konsesjonssaker m.v. Delegering av myndighet del I.

MEIRVERDIAVGIFT

Der ikkje anna er sagt, kjem meirverdiavgifta i tillegg til dei satsane som er oppgjevne i denne samlinga av forskrifter og gebyrregulativ.

Sykkylven, 10. januar 2011
Rev. januar 2011